



SAMEIGET FRØYSET GRUNNEIGARLAG
Sleirevegen 261
5986 HOSTELAND
Att.Tore Samuelsen

Saksbehandlar, innvalstelefon

Silje Elvatun Sikveland, 5764 3136

Tilskot til fisketiltak - Restaurering av gyteområder - Sameiget Frøyset Grunneigarlag – Masfjorden kommune

Sameiget Frøyset Grunneigarlag får tilskot til restaurering av gyteområde i Frøysetvassdraget, i Masfjorden kommune. Tilskotet på 100.000 kroner vert utbetalt til dykkar konto. Det er knytt vilkår til tilskotet.

Innleiing

Lærdal elveeigarlag SA søker om 432.000 kroner til restaurering av gyteområde, med minstesum for gjennomføring av tiltak på 100.000 kroner. Restaurering av gyteområda er vurdert å kunne auke fiskeproduksjonen i vassdraget. Statsforvaltaren har gjeve løyve til tiltaket etter forskrift om fysiske tiltak i vassdraget.

Regelverk

Ordninga for tilskot til fisketiltak er heimla i [forskrift om tilskot til anadrome laksefisk](#).

Tilskotsordninga skal bidra til å sikre og utvikle bestandar av ville anadrome laksefisk, og leggje til rette for fiske etter anadrome laksefisk, jf. forskrifta § 1. Tilskotsordninga skal nyttast til tiltak knytt til bestandar av laks, sjøaure og sjørøye, som gir godar til ålmenta og samfunnet.

Tildelingskriteria for å få tilskot til fisketiltak er oppgjeve i § 2 i forskrifta. Frivillige organisasjonar, forskingsinstitusjonar, kommunar og interkommunale organ kan få tilskot til:

- Informasjon om og forvaltning av villaks, sjøaure og sjørøye
- Bruksretta forskning og overvaking
- Tiltak til å betre tilgangen til, og høve til fiske for ålmenta
- Tiltak retta mot rekruttering til, eller stimulering til fiske.

I forskrifta § 3 er det stilt krav til dokumentasjon som skal følgje med søknaden. Ved søknad om tilskot til [vassdragstiltak](#) skal det leggst ved tilbakemelding frå grunneigar og kommunen, og eventuelt løyve frå NVE og Statsforvaltaren til tiltaket.



Når forvaltninga tildeler tilskot gjeld prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 som retningslinjer ved avgjerda, Vurderinga av miljørettsprinsippa skal kome fram i grunngjevinga.

Vår vurdering

Statsforvaltaren har motteke søknadar om tilskot til fisketiltak med samla søknadssum langt større enn midlane vi har til rådvelde. Vi har difor vore nøydd til å prioritere, og har ikkje innvilga heile søknadssummen, men har innvilga tilskot tilsvarande minstesum for gjennomføring av tiltaka. Restaurering av gyteområde kan auke fiskeproduksjonen i vassdraget, og er i tråd med vurderingar frå fiskeundersøkingar av vassdraget, og tiltaksplanar. Vi vurderer difor at søknaden er i tråd med føringane til tilskotsordninga, og at tiltaka vil bidra til å sikre og utvikle bestandar av ville anadrome laksefisk.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova § 8-12 er vurdert i samband med vedtak om løyve til tiltaket, og vi gjer difor ikkje ein særskild vurdering av dette her.

Vedtak

Sameiget Frøyset grunneigarlag får 100.000 kroner i tilskot til restaurere gyteområde i Frøysetvassdraget, i Masfjorden kommune. Summen vert overført til dykkar bankkonto med det første.

Standardvilkår

- Sluttrapport skal leggjast inn i elektronisk søknadssenteret innan 31. desember 2023.
- Dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal ta vare på bilag i minst fem år etter avslutting av rekneskapsåret.
- Riksrevisjonen og Statsforvaltaren har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert nytta i samsvar med føresetnadane.
- Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom tiltaket ikkje er gjennomført etter føresetnadane i søknad.

Klage

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at brevet er motteke, jf. 28 i forvaltingslova. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, og blir avgjort av Miljødirektoratet om Statsforvaltaren ikkje tar klagen til følge. Du har rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og 19.

Med helsing

Gry Walle
seniorrådgjevar

Silje Elvatun Sikveland
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Masfjorden kommune

Miljødirektoratet

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE

Austfjordvegen 2724

Postboks 5672 Torgarden

Postboks 5091 Majorstua

5981

7485

0301

MASFJORDNES

TRONDHEIM

OSLO